

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 13/4076-6

## **Budsjett 2014 - Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg**

### **Framlegg til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samfersle til å gjere slikt vedtak:**

**(Vedtaket skal inndelast i nummererte punkt med tal.)**

1 Planleggingsmidlar for 2014 vert fordelte slik:

Prosjekt	Beløp (i mill. kr)
Planlegging - ufordelt	-1,180
Fv. 60 Hornindal XE39 – Møre gr.	0,200
Fv. 662 Nordfjordeid-Torheim	0,100
Fv. 301 Farnes – Hjelle	0,050
Fv. 302 Midtun – Åbøle	0,150
Fv. 331 Skjolden – Urnes	0,107
Fv. 661 Haugen -Myrold	0,100
Fv. 601 Måløy - Vågsvåg	0,225
Fv. 53 Holsbru	0,300
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	0,200
Fv. 31 Davik ferjekai	0,200
Fv. 632 Rasoverbygg Kleiva	0,500
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	0,150
Fv. 601 Raudeberg	0,050
Fv. 481 Førde sentrum – Slåtten skule	-0,420
Fv. 609 Halbrendøyra	0,500
Fv 484 Viebrua - Prestefoss bru	0,500
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	0,500
Fv. 614 Kryss fv. 577 Myklebust	0,101
Fv. 614 Kryss i Svelgen	0,200
Fv. 604 Kryss med kommunalveg til Leirdalen	0,300
Rv.53 Årdalstangen - Øvre Tiltal etter TS-inspeksjon	0,200
Planlegging fv. diverse	0,300
Fv. 664 Svagrova	-0,327
Fv. 152 Alstokka	0,300
Fv. 337 Veitastrond	-0,106
Fv. 53 Jåteli	-0,300
Fv. 722 Flovegen	1,000
Fv 55 Kjeneset i Esefjorden	0,500
Fv.609 Heilevang	0,200
Fv 616 Davikstranda	0,100
Planlegging mindre rassikringstiltak	0,300

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 35/10 Planleggingsprogram fylkesvegnettet 2011-2013  
FT-sak 55/13 Budsjett 2014/Økonomiplan 2014-2017  
FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

I budsjett for 2014 har fylkestinget løyvd 5 mill. kr til planlegging av fylkesvegprosjekt. Innanfor desse midlane skal fylkeskommunen finansiere all planlegging etter Plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyving. Kostnader med prosjektering og grunnnerverv skal i utgangspunktet dekkast innanfor prosjektløyvinga. I denne saka vil vi omtale behov for planlegging i 2014 og framlegg til fordeling av dei løyvde midlane.

Det vil bli lagt fram eiga sak om langtids planleggingsprogram for fylkesveginvesteringar for perioden 2015-2017 i løpet av mai/juni.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget handsama langtids planleggingsprogram for fylkesvegnettet 2011-2013 i FT-sak 35/10. Dette planleggingsprogrammet er å sjå på som eit handlingsprogram for planlegging.

Hovudutvalet for samferdsle har i tillegg handsama fordeling av planleggingsmidlar for 2011 i HS-sak 6/11, for 2012 i HS-sak 6/12 og for 2013 i HS-sak 6/13.

I desember 2013 behandla fylkestinget FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023. Regional transportplan legg føringar for kva prosjekt som skal planleggast framover.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I saka har vi lagt til grunn prioriteringane i Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2017 jf. vedtak i FT-sak 46/13, samt status på planprosjekt som er starta opp og eventuelle behov for å justere løyvingane til desse.

I framlegget er det lagt til grunn at samla mindreforbruk på planlegging på 6,143 mill. kr frå 2013 vert overført til 2014.

Dette gir følgjande ramme for planleggingsmidlar i 2014:

Løyving 2014:	5,000 mill. kr
+ Overførte midlar frå 2013	6,143 mill. kr
<u>Til disposisjon 2014</u>	<u>11,143 mill. kr</u>

## Framlegg til fordeling av planmidlar for 2014

Fylkesdirektøren tilrår at planmidlane for 2014 vert fordelt slik det er synt i kolonne «Løyving 2014»:

Det er lagt opp til at ufordelte planmidlar frå 2013 på 1,180 mill. kr vert disponert.

Prosjekt	Kommune	Til disp 2013	Forbruk 2013	Overført til 2014	Løyving 2014	Til disp 2014
<b>Store prosjekt</b>						
Planlegging - ufordelt		1,180	-	1,180	-1,180	-
Forskottering 45-minuttsregionen	Bremanger	1,737	1,262	0,475		0,475
Fv. 60 Hornindal XE39 – Møre gr.	Hornindal	0,601	0,671	-0,070	0,200	0,130
Fv. 57 Dale - Storehaug med bru over Svesundet	Fjaler/Gaula	0,093	-	0,093		0,093
<b>Mindre utbetringar</b>						
Fv 365 Pilestredet/Håkesundet bru	Askvoll	0,173	0,173	-		-
Fv. 60 Uglå - Skarstein	Stryn	-0,003	-0,003	-		-
Fv. 542 Osstrupen bru	Flora	0,322	0,322	-		-
Fv. 611 Sæle - Engebø	Naustdal	2,000	-	2,000		2,000
Fv. 662 Nordfjordeid-Torheim	Eid	0,046	0,021	0,025	0,100	0,125
Fv. 393 Håland – Tømmerbakke	Fjaler	0,050	0,029	0,021		0,021
Fv. 301 Farnes – Hjelle	Årdal	0,102	0,024	0,078	0,050	0,128
Fv. 302 Midtun – Åbøle	Årdal	0,103	0,114	-0,011	0,150	0,139
Fv. 331 Skjolden – Urnes	Luster	0,052	0,159	-0,107	0,107	-
Fv. 421 Vikja – X rv. 13 Roska	Gaular	0,123	0,053	0,070		0,070
Fv. 661 Haugen -Myrøld	Eid	0,150	0,041	0,109	0,100	0,209
Fv. 601 Måløy - Vågsvåg	Vågsøy	0,150	0,196	-0,046	0,225	0,179
Fv. 53 Holsbru	Årdal				0,300	0,300
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	Vågsøy	0,500	0,076	0,424	0,200	0,624
Fv. 31 Davik ferjekai	Solund				0,200	0,200
Fv. 632 Rasoverbygg Kleiva	Selje				0,500	0,500
<b>Gang- sykkelveggar</b>						
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	Hyllestad	0,104	0,167	-0,063	0,150	0,087
Fv. 601 Raudeberg	Vågsøy	0,247	0,291	-0,044	0,050	0,006
Fv. 481 Førde sentrum – Slåtten skule	Førde	0,503	0,083	0,420	-0,420	-
Fv. 609 Halbrendsoyra	Førde	0,401	0,037	0,364	0,500	0,864
Fv 484 Viebrua - Prestefoss bru					0,500	0,500
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	Stryn	0,502	0,737	-0,235	0,500	0,265
<b>Trafikktryggingstiltak</b>						
Fv. 614 Kryss fv. 577 Myklebust	Bremanger	0,205	0,054	0,151	0,101	0,252
Fv. 608 Kryss Straumsnesbrua	Askvoll	0,277	0,019	0,258		0,258
Fv. 614 Kryss i Svelgen	Bremanger				0,200	0,200
Fv. 604 Kryss med kommunalveg til Leirdalen inspeksjon	Luster				0,300	0,300
	Årdal				0,200	0,200
<b>Miljø- og servicetiltak/kollektivtrafikktiltak/TS</b>						
Planlegging fv. diverse		0,205	0,165	0,040	0,300	0,340
<b>Rassikring</b>						
Fv. 664 Svagrova	Eid	0,402	0,075	0,327	-0,327	0,000
Fv. 152 Alstokka	Balestrand	0,204	0,318	-0,114	0,300	0,186
Fv. 337 Veitastrand	Luster	0,202	0,096	0,106	-0,106	-
Fv. 152 Allgøya	Balestrand	-0,003	-0,003	-		-
Fv. 53 Jåteli	Årdal	0,500	-	0,500	-0,300	0,200
Fv. 54 Renningsneset - rassikring	Høyanger	0,400	0,209	0,191		0,191
Fv. 722 Flovegen					1,000	1,000
Fv 55 Kjeneset i Esefjorden					0,500	0,500
Fv.609 Heilevang					0,200	0,200
Fv 616 Davikstranda					0,100	0,100
Planlegging mindre skredsikringstiltak					0,300	0,300
<b>Sum</b>		<b>11,528</b>	<b>5,385</b>	<b>6,143</b>	<b>5,000</b>	<b>11,143</b>

## Prosjektomtale

*Planlegging ufordelt*

Fylkesdirektøren legg opp til at ufordelt løyving frå 2013 på 1,180 mill. kr vert fordelt på prosjekt.

*Fv. 60 Hornindal XE39 – Møre gr.*

Kommunedelplan godkjent i 2013. Reguleringsplanarbeid er starta opp. Prosjektet er plassert på 3.plass på marginallista bak store prosjekt og bygging ligg truleg noko fram i tid. Kostnader med ferdigstilling av reguleringsplan er ca. 2,2 mill. kr. Dersom reguleringsplan vert eldre enn 10 år kan den ikkje nyttast i samband med ekspropriasjon av areal. Det er og fare for at nye krav til vegbygging medfører endringar i planen. Fylkesdirektøren tilrår at vidare reguleringsplanlegging vert utsett. Det er sett av 0,2 mill. kr til m.a. å slutføre avtalar med eksterne.

*Fv. 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet*

Prosjektet vil nytte overførte midlar på 0,1 mill. kr til utgreiingar av eventuelt bompengeprojekt og avklaringar av kva delprosjekt som kan startast først.

*Fv. 662 Nordfjordeid-Torheim*

Utgreiing utført med tilrådde tiltak. Det er sett av 0,1 mill. kr til å prosjektere mest aktuelle tiltak for utbetring.

*Fv. 301 Farnes – Hjelle*

Det er sett av 0,05 mill. kr til å gjere ferdig reguleringsplan.

*Fv. 302 Midtun – Åbøle*

Det er sett av 0,15 mill. kr til å gjere ferdig reguleringsplan.

*Fv. 331 Skjolden – Urnes*

Det er sett av 0,107 til å dekkje meirforbruk på prosjektet i 2013.

*Fv. 661 Haugen -Myrøld*

Utgreiing utført med tilrådde tiltak. Det er sett av 0,1 mill. kr til å prosjektere mest aktuelle tiltak for utbetring.

*Fv. 601 Måløy - Vågsvåg*

Utgreiing utført med tilrådde tiltak. Det er gjennomført trafikktryggingsinspeksjon. Det er sett av 0,225 mill. kr til å prosjektere mest aktuelle tiltak for utbetring.

*Fv. 53 Holsbru*

Det er sett 0,3 mill. kr til reguleringsplan/prosjektering av omlegging av veg utanom gamal tunnel på massar utfylt av Hydro.

*Fv. 61 Naveosen - Sollibakke*

Det er sett av 0,2 mill. kr til arbeid med reguleringsplan.

*Fv 31 Daløy FK*

Prosjektet er prioritert med oppstart i 2016. Det er sett av 0,2 mill. kr til prosjektering.

*Fv 632 Rasoverbygg Kleiva*

Prosjektet er prioritert med oppstart i 2016. Det er sett av 0,5 mill. kr til prosjektering.

*Fv. 607 Heggebø – Leirvik*

Det er sett av 0,15 mill. kr til å gjere ferdig reguleringsplan.

*Fv. 601 Raudeberg*

Reguleringsplan er starta opp, men ambisjonsnivå må avklarast før ein går vidare. Det er sett av 0,05 mill. kr til å gjere ferdig forprosjekt som omtalar aktuelle løysingar og ambisjonsnivå.

*Fv. 481 Førde sentrum – Slåtten skule*

Prosjektet er ein del av Førdepakken. Det er laga forprosjekt som del av kommunedelplan trafikk. Planlegging på strekninga er ei krevjande planoppgåve som bør startast opp når Førdepakken er vedteken og organisert. Fylkesdirektøren tilrår derfor at unytta løyvinga til prosjektet frå 2013 på 0,420 mill. kr vert trekt tilbake og omprioritert.

*Fv. 609 Halbrendøyra*

Det er sett av 0,5 mill. kr til vidare arbeid med reguleringsplan.

*Fv 484 Viebrua - Prestefoss bru*

Det er sett av 0,5 mill. kr til arbeid med reguleringsplan.

*Fv. 60 Hildestranda – Innvik*

Det er sett av 0,5 mill. kr til vidare arbeid med reguleringsplan.

*Fv. 614 Kryss fv. 577 Myklebust*

Det er sett av 0,1 mill. kr til prosjektering. Det er teikna løysing og gjort grunnundersøkingar og grunnkjøp.

*Fv. 614 Kryss i Svelgen*

Dårlig utforma kryss ved Elkem. Aktuelt som mindre TS-tiltak. Det er sett av 0,2 mill. kr til teknisk plan.

*Fv. 604 Kryss med kommunalveg til Leirdalen*

Utbetre sikt og svingeradius. Mogleg samarbeidsprosjekt mot kommune/Statkraft. Det er sett av 0,3 mill. kr til reguleringsplan.

*Rv.53 Årdalstangen - Øvre Årdal Tiltak etter TS-inspeksjon*

Det er sett at 0,2 mill. kr til prosjektering.

*Planlegging fv. diverse (TS, kollektiv, service)*

Det er sett av 0,3 mill. kr til diverse planlegging/prosjektering.

*Fv. 664 Svagrova*

Prosjektet er ikkje i lenger i prioritet i fylket si prioriteringsliste for skredsikring og vidare planlegging vert avslutta. Unytta midlar i prosjektet på 0,3 mill. kr er trekte inn og omprioritert.

*Fv. 152 Alstokka*

Det er sett av 0,3 mill. kr til å slutføre arbeid med reguleringsplan.

*Fv. 337 Veitastrond*

Unytta midlar frå 2013 på 0,1 mill. kr vert omprioritert.

*Fv. 53 Jåteli*

Det vert trekt inn 0,3 mill. kr av tildelte midlar i prosjektet i 2013. Restløyvinga på 0,2 mill. kr skal gå til arbeid med å fullføre forprosjekt. Prosjektet er 4. plass på prioriteringslista for skredsikring. Hovudutval for samferdsle behandla løysing for prosjektet i HS-sak 35/13. Hovudutvalet vedtok at vidare planlegging av rassikring av fv. 53 i Jåteli må det greiast ut tunnel med både 5 og 8 % stigning.

*Fv. 722 Flovegen*

Det er sett av 1,0 mill. kr til arbeid med reguleringsplan. Prosjektet er 3. plass på prioriteringslista for skredsikring.

*Fv 55 Kjeneset i Esefjorden*

Kommunen har vedteke oppstart av ny kommunedelplan der både bru og tunnel vert utgreidd. Det vert sett av 0,5 mill. kr til kommunedelplanarbeid. Prosjektet er 5. plass på prioriteringslista for skredsikring.

*Fv.609 Heilevang*

Det vert sett av 0,2 mill. kr til eit forprosjekt for å avklare type tiltak og kostnadstal. Prosjektet er 6. plass på prioriteringslista for skredsikring.

*Fv 616 Davikstranda*

Det vert sett av 0,1 mill. til å avklare tiltak og prosjektere. Prosjektet er 8. plass på prioriteringslista for skredsikring.

*Planlegging mindre skredsikringstiltak*

Det er sett av 0,3 mill. kr til planlegging/prosjektering av mindre skredsikringstiltak.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår at løyvinga til planlegging vert fordelt på prosjekt slik det går fram av tabellen i pkt. 2 i denne saka.

Det vil bli lagt fram eiga sak om langtids planleggingsprogram for fylkesveginvesteringar for perioden 2015-2017 i løpet av mai/juni.